

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		28.04.2021

Justering av driftstilskot til kulturinstitusjonar omfatta av vedtaksfesta fordeling - romertalsvedtak i Stortinget

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 29 145 kroner i ytterlegare driftstilskot til Carte Blanche. Løyvinga vert dekkja innanfor sektoren sitt budsjett.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 138 928 kroner i ytterlegare driftstilskot til Teater Vestland. Løyvinga vert dekkja innanfor sektoren sitt budsjett.

Samandrag

Fem kulturinstitusjonar i Vestland har vore omfatta av eit såkalla romertalsvedtak, dvs. at Stortinget vedtok prosentvis fordeling av tilskot mellom Stat og region(inkl. kommune). I Kulturdepartementet sitt budsjettforslag for 2021 var dette prinsippet teke bort.

Stortinget vedtok så at dei ville behalde prinsippet om vedtaksfesta fordeling slik som tidlegare. Stortingsvedtaket vart gjort etter at fylkestinget hadde gjort sitt budsjettvedtak.

Dette vedtaket / prinsippet gjeld følgjande 5 kulturinstitusjonar i Vestland som får sine statstilskot over Post 71 Region-/landsdelsinstitusjonar og Post 73 Region- og distriktsopera:

Carte Blanche
Teater Vestland
Det Vestnorske Teateret
Bergen Nasjonale Opera
Opera Nordfjord

Om ein legg denne fordelingsnøkkelen til grunn skal det fylkeskommunale driftstilskotet til Teater Vestland og Carte Blanche aukast noko, med til saman 168 073 kroner. Korona-situasjonen ga

administrative innsparingar i 2020. Fylkesdirektør legg til grunn at det også vert innsparingar i 2021, og føreset at tilleggsløyvinga vert dekkja innanfor sektoren sitt budsjett.

Per Morten Ekerhovd
Fylkesdirektør

Ronny B. Skaar
Seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fem kulturinstitusjonar i Vestland var i 2020 omfatta av eit såkalla romertalsvedtak, dvs. at Stortinget vedtok prosentvis fordeling av tilskot mellom Stat og region(inkl. kommune). I Kulturdepartementet sitt budsjettforslag for 2021 var dette prinsippet teke bort.

Fylkeskommunen gjorde difor si innstilling og sitt budsjettvedtak ut frå eigne prioriteringar. Stortinget vedtok så at dei ville behalde dette prinsippet om vedtaksfesta fordeling i Innstilling 14 S (2020-2021), vedtak IX, «Romertalsvedtak».

Vestland fylkeskommune har motteke kopi av tildelingsbreva til dei fem institusjonane. I breva vert det vist til vedtaket der Stortinget har fastsett at det ordinære offentlege driftstilskotet til institusjonane vert fordelt mellom de offentlege tilskotspartane med 70 pst. på staten og 30 pst. på regionen.

Fylkesdirektør har laga ei oversikt over fordelingane til dei aktuelle institusjonane:

	%-fordeling stat/fk/kommune jf vedtak	Statens driftstilskot 2021	Totalsum off.driftsfinansiering	VLFK budsjett 2021	VLFK sin % av total off. driftsfinansiering i dag	Auke om VLFK skal kome opp i % som i vedtak	Kommentar / merknad
Bergen Nasjonale Opera	70/15/15	21 890 000	31 271 428	4 782 000	15,30 %		
Opera Nordfjord	70/22,5/7,5	5 345 000	7635714	1 795 000	23,50 %		Statens driftstilskot/totalsum er inkl. eit ekstraord. tilskot på 200 000 til mangfaldsprosjekt
Carte Blanche	70/15/15	29 830 000	42 614 286	6 363 000	14,90 %	29 145	
Det Vestnorske Teateret	70/30/0	17 220 000	24 600 000	8 067 000	32,80 %		Statens driftstilskot/totalsum er inkl. eit ekstraord. tilskot på 250 000 til nynorsksatsing
Teater Vestland	70/22,5/7,5	22 490 000	32 128 571	7 090 000	22,27 %	138 928	Statens driftstilskot/totalsum er inkl. eit ekstraord. tilskot på 600 000 til satsing på Nynorskhuset.
Auke til saman						168 073,-	

Dei fem institusjonane, som har meir enn 60 % av sine inntekter frå offentleg støtte fell ikkje inn under dei generelle stimulerings- og kompensasjonsordningane som er etablert for kultursektoren i forbindelse med covid-19. Dei har difor fått noko ekstra driftstilskot frå staten for å dekke ekstrautgifter knytt til Covid-19. Som det står i tildelingsbreva skal ikkje dei ekstraordinære tilskota knytt til koronakrisa reknast med i fordelingsnøkkelen.

Tre av institusjonane har i tillegg fått andre ekstraordinære tilskot til prosjekt. I tildelingsbrevet står det ikkje spesifisert om desse skal reknast inn i totalsummen som skal ligge til grunn for fordelingsnøkkelen. Fylkesdirektør har teke desse med i utrekninga som er gjort over, med merknader.

Vedtakskompetanse

Hovudutvalet har mynde innanfor sitt budsjett og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvningsnivåa for kvar sektor i driftsbudsjettet jmf budsjettreglement pkt 3.5.2.

Vurderingar og verknader

Som tabellen viser ligg fylkeskommunen sine tildelingar til desse institusjonane tett på den no igjen vedtekne prosentdelen. Når det gjeld Carte Blanche ligg vi 0,1% under vedtaket, noko som utgjer 29 145 kroner, og 0,23% under vedtak til Teater Vestland, noko som utgjer 138 928 kroner. Då er det ekstraordinære tilskotet til Nynorskhuset på 0,6 millionar rekna inn i totalsummen.

Økonomi:

Korona-situasjonen ga administrative innsparingar i 2020. Fylkesdirektøren legg til grunn at det også vert innsparingar i 2021, og føreset at tilleggsøyvinga på 168 073 kroner vert dekkja innanfor sektoren sitt budsjett

Klima: Ingen særskilde verknader

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019- 2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål, m.a. å styrke kulturinstitusjonane.

Konklusjon

Fylkesdirektør ser det som høveleg at fylkeskommunen oppfyller sin del av finansieringsavtalen ved å gje Carte Blanche og Teater Vestland noko auka driftstilskot.